



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntentn på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post larsmjøs@online.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET TYSDAG 25. MARS 2003 KL 18.00 HJÅ GUNNEBO ANJA INDUSTRIER

* Kort omvising hjå Gunnebo Anja Industrier AS

* Ny riksveg Hauge – Lonevåg

Planleggjar i Statens vegvesen, Leif Møklebust, orienterte om reguleringsframlegget (ny riksveg Hauge - Lonevåg) som det skulle gjerast politisk vedtak 26.3.03 om å leggje ut til høyring.

Samferdselssjef i Hordaland fylkeskommune, Magnus Vestrheim, og **Per Steffen Myhren i Statens vegvesen** la fram tankar om korleis det vidare plan- og finansieringsarbeidet kan leggjast opp.

Formannen i Osterøy Industrielag, **Lars Magne Bysheim**, orienterte som **leiar i styret for**

kompensasjonsmidlane for den auka arbeidsgjevaravgifta, om kva dette styret kan bidra med.

(Styreformannen i Osterøy bruselskap, ordførar Ove Kleiveland, var forhindra frå å delta grunna ein nasjonal konferanse).

* Mat og kaffi

* Årsmøtet:

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

Vedtak: Innkallinga godkjend. Leiar Lars Magne Bysheim møteleiar. Sekretær Lars Mjøs skrivar. Atle Jacobsen og Svein A Skulstad skriv under møteprotokollen.

2 Årsmelding og rekneskap Sjå vedlegg.

Revisor opplyste i møtet at rekneskapen var funnen i orden.

Johannes Borge oppmoda om å plassere inneståande til betre rente.

Vedtak: Årsmelding og rekneskap godkjend.

3 Fastsetjing av medlemspengane. Fastsetjing av godtgjersle for styre og sekretær.

Styret gjer framlegg om å ikkje endre i satsane.

1 tilsett 620 kr/år

2-4 tilsette 935 kr/år

5-9 tilsette 1.240 kr/år

10-14 tilsette 1.510 kr/år

15-30 tilsette 2.200 kr/år

31 og fleire tilsette 3.080 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 310 kr/år

Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.

Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.

Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 35.000.

Vedtak: Styret sitt framlegg godkjend.

4 Budsjett. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: Godkjend.

5 Endring av lovene, paragraf 6:

Årsmøtet våren 2002 oppmoda det nye styret om å leggje fram sak for neste årsmøte om å fjerne følgjande setning i lovene sin paragraf 6 om styret: "Formannen kan ikkje veljast att meir enn 5 gonger."

Styret vedtok i styremøtet 4.2.03: : *Styret gjer framlegg for årsmøtet om å fjerne setninga "Formannen kan ikkje veljast att meir enn 5 gonger." frå paragraf 6.*

Vedtak: Styret sitt framlegg godkjend.

6 Eventuelle innkomne saker.

Ingen saker.

7 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Kjell Lerøy og Arne Hansen står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Jørn Jacobsen, Johan Solberg og Arnbjørn Vevle).

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulentent (Svein Hanstvedt med Jostein Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av valnemnd (på val: Formann Astrid Tveiten (Norlender AS), Leif Tore Solberg (Jakta Metall AS), Johan Solberg (Solberg Mek Verksted AS)

Val av revisor (Norodd Helle).

Sekretæren las opp valnemnda sitt framlegg, leiar i valnemnda Astrid Tveiten var forhindra frå å møte.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg godkjend ved akklamasjon:

Formann Lars Magne Bysheim (attval)

Styremedlem Kjell Lerøy (attval)

Styremedlem: Arne Hansen (attval)

1. varamedlem Kjell Rune Birkaas (ny, i plassen for Jørn Jacobsen)

2. varamedlem Johan Solberg (attval)

3. varamedlem Arnbjørn Vevle (attval)

Styringsutvalet for Industrikonsulentent:

Svein A Skulstad (ny, i plassen for Svein Hanstvedt)

Personleg vara: Jostein Jacobsen (attval)

Revisor. Norodd Helle (attval)

Valnemnd (etter framlegg i årsmøtet): Leiar Jørn Jacobsen (ny), Astrid Tveiten (attval) og Leif Tore Solberg (attval).

8 Årsmelding for Industrikonsulentent (meldingssak). Vert truleg ikkje ferdig til årsmøtet.

Industrikonsulentent har hatt totalt 62 oppdrag; 27 for bedrifter og 35 etableringsoppdrag. Rekneskapen syner eit overskott på kr 131.000. Av dette utgjer prosjektinntekter for oppgåver utført i 2001 ca kr 50.000. Eigenkapitalen er på kr 429.000.

I møtet vart opplyst at revisor har oppdaga feilføring; det skal svarast vel 16.000 kr ekstra i mva. Resultat og eigenkapital vert redusert tilsvarande.

Vedtak: Teke til orientering.